



Referat frå styremøte

Den norske Blue Shield-komiteen

onsdag 8.12.2021, kl. 13.20 – 15.10

Kulturhistorisk museum, Seminarrom St. Olavs gate 29

Til stades: Håkon Roland, Kjetil Landrog, Vidar Lund, Atle Ove Martinussen, Gaute Jacobsen, Kirsti Gulowsen og Axel Mykleby.

Sak 23/2021 Innkalling, saksliste, referent, godkjenning referat

Møtet starta kl 13.30. Vidar Lund vart valt som referent.

Referatet frå møtet 26.10. vart godkjent. Det ferdige referatet frå møtet 12.8. vart etterlyst.

Sak 24/2021 Orienteringssaker

a) Håkon orienterte om deltaking på Heritage Friday 19.11.

Danmark markerte UNESCO-konvensjonen frå 1970 i Marmorsalen på Nasjonalmuseet.

Over 100 deltakarar frå ulike samfunnssektorar med innlegg frå fleire land. Håkon snakka om Noreg sin ratifikasjon av konvensjonen i 2007 og konsekvensane.

Skal Blue Shield Noreg få til noko liknande i 2022?

b) Ny bok av Emma Cunliffe, Safeguarding Cultural Property. Håkon sender ut tilbod om boka med 50 % rabatt. Det blir tinga 5 eksemplar.

c) Atle orienterte om rapportar om tilstanden til museumsbygg i Vestland. Kan brukast som modell for tilsvarande prosjekt i andre museum.

d) Arkivløyising for Blue Shield Noreg. I dag er det knytta til leiar sine personlege kontoar hos Teams/iCloud. Kjetil sjekkar ut ulike alternativ.

Sak 25/2021 Innspel Beredskapskonferansen 2022

Beredskapskonferansen 2021: Høgskolen på Innlandet har ansvaret og inviterte ulike aktørar til å halde føredrag. Henriette Melsom er koordinator. I 2022 blir konferansen truleg i november/desember.

Digital vernebuving – korleis takle hendingar som t.d. digital kapring? Kva skjer med arkivverdig materiale?

Kan Nasjonalbiblioteket delta for å snakke om digitaliserings- og lagringsarbeidet dei gjer med tanke på æva?

Utrykkingseining for å ta vare på dokumentasjon etter uønskte hendingar – både i fysisk og digital form.

Vedtak: Vi følgjer opp innspel til beredskapskonferansen gjennom eit fellesdokument i skya.

Sak 26/2021 Status rekneskap og budsjett

Kjetil presenterte økonomien. Etter 2021 sit vi med i underkant av 50.000 på bok.

Vedtak: Teke til orientering.

Sak 27/2021 BSI: informasjon og aktivitetar

Håkon informerte om at det er generalkonferanse og fagkonferanse 14.-16. desember.

Vedtak: Håkon får fullmakt til å representere BSN

Sak 28/2021 BSN seminar/workshop 2022.

Universitetet har tildelt kr 50.000 til konferanse/seminar. 18. mai er den internasjonale museumsdagen, og det er aktuelt å arrangere den veka. Mange ulike tema vart diskutert. Kan berekraft vera eit nykelord? Nasjonalbiblioteket kan vera ein samarbeidspart både for program og arena. ICOM, ICOMOS, BS Danmark ,UNESCO Noreg, Riksantikvaren og andre er aktuelle samarbeidspartar.

Vedtak: BSN skal stå for ein konferanse, gjerne saman med andre, rundt den internasjonale museumsdagen. Vi set av kr 30.000 i utgangspunktet.

Sak 29/2021 Oppfølging ÅR og BSN strategi.

Håkon kjem med framlegg til neste styremøte.

Sak 30/2021 BSN: gyldig e-postadresse.

Vedtak: Utsett til neste møte.

Sak 31/2021 Neste styremøte: stad, dato/tid og saker

Vedtak: 8.2. kl 13-15.

Referent:

Vidar Lund /s/